

Peisestova blir perlegrå

30.08.2011



Leiar Jon Harald Kjærland målar perlegrått

Mange dugnadstimar er opp gjennom åra lagt ned
på bedehuset i Uskedalen, som vart innvigd i 1934.
Akkurat no blir peisestova på kjellarnivå gjeve ein
oppfrisking med omsyn til farge: Ho blir perlegrå!



Dugnadsduo i arbeid: Oddbjørg Heimark og Inger Elise Helgeland

Både i 1964 og 1980 gjennomgjekk huset ein omfattande renovasjon, men det oppstår stadig nye behov. No er det satsa eit stort beløp og mange dugnadstimar gjennom dei siste 5 åra. I første høgda har det mellom anna gått føre seg forbetring av elanlegg, kjøkken og toalettar. Det er også foreteke drenering rundt huset. Rommet som no er friska opp har ei mangfoldig historie. Det har til og med vore framhaldsskule der rundt 1960 og det har vore matsal til bruk under mange arrangement

- frå julefest og barnelag til 17. mai. I dei seinare åra har Unge Røster, Fredagsforum og delar av Hobbyklubben halde hus i rommet.

-No freistar vi å skapa ein kafe-atmosfære. Det skal bli riktig triveleg her nede, lovar leiar i indremisjonen Jon Harald Kjærland. Men framleis står fleire arbeidsoppgåver att - som rampe for funksjonshemma og renovering av trappeoppgang. Og eigentleg blir vel eit forsamlingshus som dette aldri heilt ferdig...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dugnadslaget har teke matpause